



Arkivnr: 2014/15822-4
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014

Tour des Fjords - søknad om tilskot til planlegging og gjennomføring

Samandrag

Tour des Fjords søker i brev datert 13.12.2013 om kr 500.000 i tilskot til gjennomføring og planlegging av arrangementet 28. mai – 1. juni 2014. Totalbudsjettet er på kr 15.8 mill. Tour des Fjords AS er eigd av Stavanger Sykle Klubb (50%) og Nordsjørittet (50%).

Sykelrittet vart arrangert første gong i 2013 i Rogaland. Tour des Fjords er ei vidareføring og utviding av Rogaland Grand Prix, som vart arrangert frå 2008. Tour des Fjords legg opp til arrangement for barn og andre kulturaktivitetar knytt til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og Eurosport 2 kvar dag under arrangementet. I 2013 var det internasjonale TV sendingar i 9 timar til 47 land.

Slik er etappane fordelt i 2014;

1. etappe 28. Mai Bergen - Ulvik, 161 km
2. etappe 29. Mai Eidfjord - Haugesund, 203,2 km
3. etappe 30. Mai Hjelmeland - Forsand, 163 km
4. etappe 31. Mai Forus (Stavanger) – Stavanger sentrum, 176,6 km
5. etappe 1. Juni Risavika - Stavanger, 171,2 km

Arrangementet vert sett i samanheng med søknaden om sykkel VM i 2017. Samarbeidet vil vere verdifullt både i høve til marknadsføring og kompetanseutvikling. Bergen kommune løyver kr 500.000 til Tour des Fjords 2014, og legg mellom anna til grunn at det lokale sykkelmiljøet må få eit eigarforhold til arrangementet.

Lokal og regional forankring i organisasjonslivet er også viktig i Hardanger for å kunne utvikle arrangementskompetanse, idretten og reiselivet. Ulvik herad støttar arrangementet med kr 500.000 og Eidfjord kommune med kr 100.000. I tillegg er det søkt støtte frå Eidfjord utvikling. I gjeldande fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) er det eit mål å arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen.

Fylkesrådmannen finn det naturleg at fylkeskommunen stør tiltaket, men er usikker på kor stor sum fylkeskommunen bør løyve. Eg ber fylkesutvalet vurdere saka. Om fylkesutvalet stør dette bør løyvinga dekkast frå tilleggslovyvingskontoen.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune løyver kr til gjennomføring av Tour des Fjords 2014.

Budsjettet vert endra slik;

Konto 10.400.420.02.14700 Tilskot til idrettsprosjekt aukar med kr

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Tour des Fjords søker i brev datert 13.12.2013 om kr 500.000 i tilskot til gjennomføring og planlegging av arrangementet 28. mai – 1. juni 2014. Totalbudsjettet er på kr 15.8 mill. Tour des Fjords AS er eigd av Stavanger Sykle Klubb (50%) og Nordsjørittet (50%).

Sykelrittet vart arrangert første gong i 2013 i Rogaland. Tour des Fjords er ei vidareføring og utviding av Rogaland Grand Prix, som vart arrangert frå 2008. Sykkel er ein av verdas mest populære idrettar. Tour des Fjords legg opp til turritt *Tour des Fjords Classic* og eigne arrangement for barn *Tour des Fjords Barneløp* knytt til arrangementa. Det er også langt opp til andre kulturaktivitetar og underhaldning knytta til løypa for å tilretteleggje for ein brei folkefest. Dette vil gje flotte bilder frå regionen som kan nyttast etter arrangementet til marknadsføring av fylket. Gjennom medieavtalar vil folkefesten få 2,5 timar sendetid i TV2 hovudkanal/ sportskanal og to bolkar i Eurosport 2 kvar dag under arrangementet. I 2013 var det internasjonale TV sendingar i 9 timar til 47 land.

Slik er etappane fordelt i 2014;

- | | | |
|-----------|---------|---|
| 1. etappe | 28. Mai | Bergen - Ulvik, 161 km |
| 2. etappe | 29. Mai | Eidfjord - Haugesund, 203,2 km |
| 3. etappe | 30. Mai | Hjelmeland - Forsand, 163 km |
| 4. etappe | 31. Mai | Forus (Stavanger) – Stavanger sentrum, 176,6 km |
| 5. etappe | 1. Juni | Risavika - Stavanger, 171,2 km |

Fylkestinget vedtok 11.06.13 å løyve kr 15 mill til sykkel VM i 2017. Tour the fjords vert sett i samanheng med arbeidet med å få tildelt og gjennomført eit ev. sykkel VM i 2017. Samarbeidet vil vere verdifullt både i høve til marknadsføring og kompetanseutvikling over fleire år. Bergen kommune løyver kr 500.000 til Tour des Fjords 2014, og legg mellom anna til grunn at det lokale sykkelmiljøet må få eit eigarforhold til arrangementet.

Lokal og regional forankring i organisasjonslivet er også viktig i Hardanger for å kunne utvikle arrangementskompetanse, idretten og reiselivet. Ulvik herad støttar arrangementet med kr 500.000 og Eidfjord kommune med kr 100.000. I tillegg er det søkt støtte frå Eidfjord utvikling. Såleis vert Tour des Fjords eit viktig regionalt idrettsarrangement. I gjeldande fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (2008-2012) er det eit mål å arbeide for at større nasjonale og internasjonale arrangement vert lagt til regionen. "Hordaland fylkeskommune støttar store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Det er ein føresetnad at idrettsarrangementet har ringverknadar ut over sjølve idrettsaktiviteten." (s. 12)

Dette vert understøtta av statleg idrettspolitik. I Meld. St. 26 Den norske idrettsmodellen peikar ein på at store meisterskap er ei kjelde til store idretts-, kultur- og fellesskapsopplevingar både for utøvar og publikum. Det har også tyding for rekruttering til- og utvikling av ein frivilligheitskultur som idretten er avhengig av. Stortingsmeldinga viser også til at store meisterskap har verknad for næringsutvikling både lokalt, regionalt og nasjonalt.